

Referat frå styremøte i Hartevasnuten vel

Tid: Onsdag 01.09.21 kl. 20:00

Stad: Teams

Tilstades: Inger Sædberg Birkenes, Harald Haugedal og Signe Hatteland (referent). Gunnar Askbo frå veglaget deltok første del av møtet.

Saksliste:

- Sak 16/21 Ny nettside i bruk -problem/utfordringar?
- Så langt har me i styret fått positive tilbakemeldingar til den nye heimesida.
 - Gunnar Askbo har kome med innspel til endring av tekst ift bommen.
 - Nokre får ikkje opp all tekst på mobilutgåva. Dette virker til å ha med kva mobiltelefon ein har, då andre får teksten opp som den skal.
 - Dersom andre har problem eller opplev manglar med den nye heimesida blir me glade for tilbakemelding til: hartevasnuten.vel@gmail.com
- Sak 17/21 Rekneskap/Integrering av Fiken/Kontingent
- Inger har vore i møte med nettbrygga ang. heimesida og integrering av rekneskapsprogrammet Fiken. Utfordringar:
 - E-postlister er ufullstendige. Inger sender ut liste over manglande e-postadresser til styremedlemmene som skal prøve å få tak i riktig adresse til kjente.
 - André tek kontakt med, og ønsker velkommen til, nye medlemmer med hytte under oppføring og får kontaktinformasjon til dei.
 - Integrere Fiken med Sparebanken Sør. Kostnad 49 kr/mnd.? Konklusjon: Vedtas.
 - Kontingent vert utsendt ila september 2021.
- Sak 18/21 Haustdugnad?
- Haustdugnad utgår i år. Me oppmodar hyttenaboar om å plukke søppel rundt hytta si og minner alle om å sette ut brøytetikker for vinteren.
- Sak 19/21 Salting/kloring av veg.
- Styret har fått førespurnad om salting/kloring av grusveg pga mykje støv i tørre periodar. Kloring/salting/asfaltering av sidevegar i området kjem ikkje under ansvaret til hyttevelet eller veilaget. Dette er noko dei som har felles veg må gå saman og ta initiativ til. Veilaget har ansvar for hovedveien frå bommen til vannverket.
- Til orientering.
- Sak 20/21 Svar frå Bykle kommune ang manglande vasstrykk i delar av velet.
- Svarbrevet er lagt ut på heimesida. Dette er til orientering.

Venleg helsing styret i Hartevasnuten vel